



Noregs vassdrags - og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om Onarheim og Øyra transformatorstasjonar i Kvinnherad kommune

Statsforvaltaren tilrår at Onarheim transformatorstasjon blir plassert noko lengre nord, for å ivareta ei kystmyr som har stor verdi for naturmiljø og klima. Vi legg elles til grunn at avbøtande tiltak som er presenterte i planen blir følgde opp, og at varige inngrep i dyrka mark og naturmiljø blir avgrensa så langt som råd.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for Onarheim og Øyra transformatorstasjonar på Husnes.

Omtale av søknaden

Onarheim transformatorstasjon vil omfatte

- 420 kV transformatorstasjon, etablert på eit regulert næringsområde mellom Hydro Husnes og fv500, med utandørs koplingsanlegg, eit inntil 500 m² kontroll- og servicebygg, og eit 150 m² lagerbygg, på eit areal på til saman 137 dekar
- to 300 kV kraftleidningar, kvar på ca. 650 meter, frå ny Onarheim transformatorstasjon til Husnes koplingsstasjon
- to gonger ca. 1,7 kilometer innføring av eksisterande 300 kV leidningar Blåfalli - Husnes 1 og 2 til ny stasjon
- mellombels leidning sør for dagens 300 kV leidningar frå Blåfalli
- permanente hjelpeanlegg; eitt massedeponi, veg til transformatorstasjonen, og 500 m traktorveg
- mellombelse hjelpeanlegg; til saman 200 meter mellombels anleggsvei i klasse 7, baseplassar, tilkomstar og tilkomstar og lunneplassar, og møte- og snuplassar

Øyra transformatorstasjon vil omfatte

- 132 kV transformatorar, gassisolert brytarfelt (GIS), stasjonsbygg og en 80 meter lang tilkomstveg
- 200 meter 132 kV jordkabel mellom Øyra og Onarheim transformatorstasjonar
- ein kilometer 22 kV kabel frå Hydro Husnes sitt 24 kV anlegg til Øyra transformatorstasjon
- 80 meter permanent tilkomstveg

Gamle Husnes koplingsstasjon, og to gongar 1,1 kilometer av eksisterande 300 kV-leidningar Blåfalli-Husnes, skal rivast etter Øyra transformatorstasjon er sett i drift.

Vår vurdering

Tiltaket skal sikre framtidig straumforsyning, og har dermed stor samfunnsverdi. Anlegga vil bli



samløkaliserte med utbygde areal, men vil òg føre til nye inngrep. Konesjonssøkte alternativ er vald etter ei samla vurdering av ulike interesser som naturmiljø, landskap, friluftsliv, støy, anna forureining, og flaum- og skredfare.

Vi legg generelt til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg varige inngrep i naturmiljø og dyrka mark, med god terreng- og landskapstilpassing, og at området blir sett i stand att i tråd med moderne prinsipp om naturtilpassa tilstelling med lokal frøbank.

Det blei registrert to viktige naturtypelokalitetar i naturkartlegginga; dette gjeld ei kystmyr med verdi viktig (B), og ei hol eik med verdi svært viktig (A). Planlagd lokalisering av Onarheim transformatorstasjon vil i stor grad byggje ned myra. Konsekvensrapporten tilrår å plassere stasjonen lengre nord, altså nord for myrområdet og tursti, på eit areal som i dag består av plantefelt med utanlandske treslag. Kulturminneutgreiinga peikar òg på ei plassering lengre nord. Det må vere høg terskel for å byggje ned denne myra. Vi minner om at myr har ein viktig klimafunksjon, i tillegg til å ha stor verdi for naturmangfald. Den hole eika kan bli påverka av planlagt kraftlinje, men bør kunne takast omsyn til ved detaljplanlegging av traséen.

Kartlegginga har òg påvist fleire eksemplar av ask, som er i kategori sårbar (VU) på raudlista. Rapporten tilrår at eventuelle større eksemplar av både ask og andre tre blir ivareteke under anleggsarbeidet. I www.artskart.no ligg det inne registreringar av raudlistearten vipe (kritisk truga - CR) på den dyrka marka rett vest for industriallegget. Dette arealet ser ikkje ut til å bli direkte påverka av nye inngrep.

Det er ikkje planlagt inngrep i vassdrag, men det er opplyst at det kan bli behov for flaumførebyggjande tiltak ved Øyrabekken. Dette er omtalt som flaumvoll eller liknande, og vi legg då til grunn at det er tenkt på tilbaketrekt voll utan inngrep direkte i elva. Det er òg nemnt at tiltakshavar ønskjer å redusere utforminga av bekken mellom stasjonane. Vi minner om at eventuelle inngrep i elva eller kantvegetasjonen må avklarast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova. For meir informasjon om tiltak i vassdrag og søknadsprosess sjå nettsak: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/tiltak-i-vassdrag-kan-vere-soknadspliktig/>. Kantvegetasjon har stor verdi, og hogst av kantvegetasjon som kan øydelegge dei økologiske funksjonane er søknadspliktig: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/kantvegetasjon-langs-vassdrag/>.

Det er påvist fleire framande artar i tiltaksområdet med svært høg spreingsrisiko; parkslirekne, hybridslirekne, platanlønn, alaskakornell, raudhyll og purpurspirea. Vi legg til grunn at risikoen for å spreie svartelista artar blir vurdert ytterlegare i detaljplanlegginga, og at det blir teke nødvendige omsyn for å hindre uønskt spreing. Vi viser til [forskrift om fremmede organismer](#).

Landskapsvurderinga av Onarheim transformatorstasjon tilseier at konsekvensane for ny mastetrasé i hovudsak vil vere moderate, og at anlegga får ei meir tilbaketrekt plassering. Riving av eksisterande anlegg vil vere positivt. Det er omtalt at to bustadområde kjem dårleg ut, med lokalt stor negativ endring. Tilrådingar frå konsekvensutgreiinga bør følgjast opp så langt som råd.

Tiltaka kjem i eit område med fleire stiar og ein mykje brukt gjennomgåande tilrettelagt turveg. Det er omtalt avbøtande tiltak i anleggsfasen. Vi reknar med at friluftslivet blir ivareteke, og at eventuelle friluftsansjasjonar som har interesser i området blir involvert ved behov.

Det går fram av søknaden at skog i området er prega av aktiv skogsdrift, og at det er grøfta plantefelt med sitkagran og lerk. For framtidig skogsdrift er det viktig at kraftlinjene ikkje hindrar tilkomst til eller uttak av skog, og det må stillast krav om avbøtande tiltak om dette kan bli eit problem.



Vi minner om at tiltakshavar har eit sjølvstendig ansvar for at det ikkje oppstår forureining i strid med § 7 forureiningslova. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets veileder M-1243, og at eventuelt betongavfall blir handtert i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470
5020

ROSENDAL
BERGEN